

Tale ved Ivar Aasen-statuen 2021

Arenaleiar Olav Øyehaug Opsvik, 10.6.2021

«Kjære Aasen! Jeg har budet Aga, Paul Botten, Riisnæs og Schübeler hen til mig i Eftermiddag for at slaa en Sladder af og smage paa mit Hardangerøl. Vil De gjøre os Alle den Fornøielse at vere med i dette, saa vær saa snild at komme før Klokken 6.

Venskabeligst Deres
Peter. Christian. Asbjørnsen.

Christiania 3die Januar 1860.»

Slik inviterte Peter Chrisitan Asbjørnsen Ivar Aasen til eit besøk med gode vener og godt Hardangerøl i Kristiania i 1860. I Aasentunet har vi denne teksten prenta på eit ølglas for sal i butikken. Den peikar tilbake på ei anna tid, og den høgtidelege tonen i språket står i ein artig kontrast til det som vi normalt sett ville oppleve som ein uhøgtideleg budskap i vår tid. Men, med pandemien som framleis pågår kjennest det kanskje no langt meir høgtideleg å faktisk møte gode vener for god prat og noko godt å drikke. Ein god samtale i lystig lag der ein lærer noko nytt om både seg sjølv, andre, samfunnet og kulturen har vore eit stort sagn for dei fleste av oss sidan mars i fjor. Det er framleis ganske utruleg at vi i kamp mot koronaviruset har vore nøydd til å forby eller sterkt avgrense rammene for festar, besøk og kulturarrangement. Det har nok fått oss til å sette ekstra god pris på dei gode møta mellom medmenneske, no når vi forsiktig opnar samfunnet igjen.

I Nynorsk kultursentrum har vi vore godt nøgde med dei mange digitale tilboda vi utvikla og lanserte i 2020, men vi er nok også samstemte om at alle dei digitale tenestene aldri vil vere fullgode alternativ til å møtast i same rom. Menneske er skapt for å møtast – det er kjemisk forankra i kroppen vår. Med dei gode samtalanene, dei sterke kulturelle opplevingane utviklar vi og tek vare på kulturen og mangfaldet i samfunnet vårt. Difor gir det ei fantastisk kjensle å endeleg kunne opne Festspela i dag. Vi vonar dei mange programpostane som tek føre seg språk, litteratur, god musikk, dans og mykje meir vil gjere oss alle rikare når helga er over, og at festivalen har skapt verdifulle bidrag til vår kulturelle felleskap.

Sjølv om det er godt å møte vener og kollegaer utanfor den digitale sfæra igjen, har vi i det siste kunne lese i avisene at eit fleirtal av oss framleis ynskjer iallfall delvis heimekontor også når pandemien er over. Og han som sit bak meg på kista er vel eit godt døme på at mange kloke tankar, med store, uvurderlige konsekvensar, kan bli forma på eit heimekontor.

«Takk for kvart avertissement
Um eit nytt etablissement
Eller eit divertissement
Eller eit stort fallissement;
Kvar notis om situationen,
Constitutionen og nationen,
Productionen og vegetationen,
Traditionen og opinionen.
Takk for kvar ein lection,
Um comfert og perfection,
Og for kvar correction
I vår simple reflexion»

Slik ironiserer Aasen over si eiga samtid i diktet «Lovtale yver culturen» i Dølen 3. juni 1866. Rytmen og dei kreative rima kling enno i våre dager. For nokre år sidan drog Runar Gudnason, kjend frå rapgruppa Side Brok, fram nettopp dette diktet i si spalte om rapvers i Dagbladet. Det er vel truleg at Aasen sat åleine på heimekontoret og skapte rytmene og dei artige vendingane i diktet. Men det er i framføringa på ei scene, med alle dei små, rytmiske nyansane ein god utøvar som til dømes Gudnason kan skape, og ein delt puls med publikum, det kjem til sin rett.

For den store kunsten blir gjerne skapt med ein kombinasjon av mange ulike parameter – det bør gjerne vere både av ein høg intellektuell kvalitet, men også ha ein fysisk dimensjon, som til dømes når vi seier at ein tekst har god flyt. Då appellerer den til pulsen og pusten vår og har ein direkte, fysisk innverknad på oss. Om du då legg til lukt, lyd frå omgjevnadene og andre menneske rundt deg som du får på ein konsert eller andre kulturarrangement, har du den ultimate kunstoplevinga.

Det er vanskeleg å måle kor mange slike opplevingar vi har gått glipp av i tida som har gått sidan pandemien kom til Noreg.

Kulturen har lidd under pandemien. Mange kulturarbeidarar, truleg inkludert fleire av dei som kjem til Ørsta og Volda denne helga, har kjent på at kulturen ikkje kjem i første rekke når krisa slår inn. Fleire har sagt at kulturscenene var dei første som måtte stenge, og blir dei siste som får opne opp for fullt. I tillegg kjenner nok mange kulturarbeidarar også på at enkelte gjerne opportunt nyttar høvet til å angripe kulturlivet om høvet byr seg.

Samstundes kan ein trygt seie at der ikkje er mange andre som har støtta kulturen så godt gjennom denne krisa som norske styresmakter, og i møte med spørsmål om sprengt kapasitet i helsevesenet – spørsmål om liv og død, kan kanskje konsertar, festivalar, restaurantar og kafear virke trivielt.

Med den offentlege diskursen om stenging, gjenopning, tal personar, avstand og andre teknikalitetar, kan vi kanskje av og til gløyme at det har gått nesten 800 menneskeliv til koronaviruset i Noreg. Det er ei alvorleg krise og viruset er framleis ein svært farleg trugsel for liv og helse, også hos oss.

Men for oss som ikkje har blitt direkte råka har denne pandemien vore ei snikande, ullen og rar krise. Vi får ikkje dei same, direkte og umiddelbare kjenslemessige reaksjonane som vi får når vi til dømes opplever eit terrorangrep, slik som ein såg i Canada seinast førre søndag.

I år er det ti år sidan det verste terrorangrepet i Noreg, og i ein av programpostane våre i år freistar vi å diskutere både den pågåande krisa og det alvorlege terrorangrepet 22. juli 2011. Det er heilt ulike kriser, men om ein ser litt kaldt på kun tala kan det vere vanskeleg å avgjere kva som er den mest alvorlege. Men berre få dagar etter 22. juli tok vi til gatene med blommar, og fleire hundre tusen samla seg i allsang og felles trøyst i Oslo. I kontrast til dette ser vi korleis mange av oss har kjempa mot koronaviruset i undertøy og finskjorte på heimekontoret. Vi ser ikkje andleta og namna til alle som har mista livet. Då er det vanskelegare å kjenne på Alvoret.

Dei høgst ulike karakterane til desse hendingane seier noko om kor kompleks det er å bu samfunnet på alvorlege kriser. Vernebuing mot ekstremisme og terror er noko ganske anna enn rutiner for smittevern, sporing og ikkje minst dei ekstreme tiltaka som har vore naudsynt det siste året.

Desse komplekse og uføreseielege utfordringane fortel oss at vi framleis må utvikle dei gode ideane og skape rammer og arenaer for meiningsbryting og diskusjon. Dei beste tilhøva for dette er heilt klart her ute, fysisk i møte med andre menneske. Dei beste ideane kjem også gjerne når ein kombinerer fagdisiplinar og uttrykksformer. Slik sett kan ein kanskje seie at alle festivalane, kulturscenene, kafeane og restaurantane er samfunnskritiske for eit sunt demokrati. Einsemd og utanforskap skapar ekstremisme. God vernebuing er avhenging av at vi møtest og kan utfordre kvarandre på prioriteringar, spørsmål om min og din fridom og så store spørsmål som verdien av eit menneskeliv.

Dei gode møta skapar det beste grunnlaget for eit godt samfunn og eit berekraftig demokrati. Ideane vi får på heimekontoret må prøvast ut på andre, slik som Ivar Aasen gjorde på sine mange, lange reiser. Og difor våger eg å påstå at vi framleis må kjempe for kulturen, for språket vårt, for mangfaldet og dei gode møta. Slik Ivar Aasen gjorde både frå skrivepulten og ute i heile landet.

Og med det vil eg seie: Velkomen til festival! Og takk Ivar Aasen, for at du kjempa.